

# BOKN BYGDEBLAD

NR. 8 - SEPT./OKT. 1988 ARG. 3

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR


## BOKNASUND BRU PÅ ANBUD I OKTOBER.

Boknasund Bru skal utlysast på anbud i oktober. I same månad skal anleggsarbeidet på Kystriksvegen starta i Alvestad-området. Ein skal då ta til med å "høvla" av vegtraseen, for så å eventuelt sprenga seg ned i grunnen. Veggen skal i ein del av dette området gå ca. 4 meter under overflata, m.a. skal han gå ca. 4 meter under eksisterande fylkesveg til Alvestadkroken.

Massen som blir tatt ut av vegtraseen skal fyllast ut ved Boknasund-

et, og brukast i fundamentet for landkaret til brua. Dette fundamentet skal vera ferdig til 1. februar 1989. Fundamentet blir 16 meter høgt.

Det er anleggsleiar Høyland som opplyser dette til Bokn Bygdeblad. Han seier også at all anleggstrafikk skal gå i den nye vegtraseen, slik at ein slepp å belasta dei eksisterande vegane i Bokn med dette.



## OMORGANISERING I KOMMUNEN?

Eit arbeidsutval på 4 - rådmann, kommuneingeniør, helse- og sosialleiar og skulesjef, fekk i april 1987 i oppdrag å utarbeida ny organisasjonsplan for Bokn kommune.

Eit utkast til ny organisasjonsplan er nå lagt fram for styringsgruppa, som er formannskap pluss leiarane av hovudutvala.

Arbeidsutvalet meiner at forslaget til omorganisering av kommunen er nødvendig for å kunna driva kommunen på ein tenleg måte både sett frå dei tilsette og frå publikum si side.

### SKULESEKTOR MED BARNEHAGE.

Organisasjonsplannemnda meiner at skulesjefstillinga og rektorstillinga bør delast. I dag er dette ein kombinert stilling. Dette vil medføre at skulesjef kan avlasta rådmannen med saksbehandling, eksempelvis i personalsaker.

Organisasjonsplannemnda meiner at skulesjef og kontorfullmektig ved skulen i så fall bør ha sine kontor i Boknatun.

Nemnda meiner også at barnehagetilbodet bør utvidast, slik at alle førskulebarn som ynskjer det kan få eit pedagogisk tilbod. Ein føreslår difor at det frå 01.08.91 vert oppretta ei ny avdeling under føresetnad av at det let seg gjera å tilpassa investering og drift til langtidsbudsjettet.

### HELSE- OG SOSIAL.

Helse- og sosial-etaten vart omorganisert 01.08.87 i samband med oppstart av sjukestova. Vidare har den vedtekne helse- og sosialplanen frå desember -87 målsetjingar for korleis etaten skal drivast. Her ligg det inne ulike forslag som det etter kvart må tas standpunkt til, og økonomien vil sjølvsagt få avgjerande verknad for korvidt planane let seg gjennomføra.

Nærliggjande oppgåver er:

Fysio- og ergoterapi-stillingar (halve stillingar)

Justering - ev. utviding av legetenesta.

Oppretting av eldresenter.

Bustader for eldre.

Overtaking av ansvar for psykisk utviklingshemma.

### KULTURSEKTOREN.

I og med at kultursektoren som etat har vore lite prioritert, har nemnda foreslått at det bør opprettast ein deltidsstilling som kan fungera som sekretær for kulturstyret, pluss eventuelt ta over arbeidet med Bokn Bygdeblad. Nemnda meiner at denne stillinga kan kombinerast med biblioteksjefstillinga. Nemnda foreslår også oppretting av deltidsstilling for fritidsleiar. Dette er noko som politikarar ved fleire høve har tala varmt for, og det er også nemnt som eit viktig element i helse- og sosialplanen sin omtale av førebyggjande arbeid blant barn og unge.

## TEKNISK ETAT.

Teknisk etat har dei siste åra vore hardt belasta med oppgåver. I og med at ein nå har fått inn ny person både i felten og ved kontoret (ingeniør), meiner nemnda at tilhøva nå ligg bra til rette for at etaten kan løysa sine oppgåver dei næraste åra.

Organisasjonsplannemnda har elles nemnt delegasjonsreglement og EDB som ein føresetnad for ein effektiv administrasjon både i sentraladministrasjonen og i dei ulike etatane.

Framlegget om den nye organisasjonsplanen skal opp til behandling i dei kommunale organ i haust.

## Skulesjefen - permisjon

FØRST JA - SÅ NEI

Administrasjonsutvalet i Bokn gjekk i møte den 22.september med 4 mot 3 røyster mot at skulesjefen skal få 1 års permisjon frå stillinga si. Skulestyret hadde tidligare gått inn for å gi permisjon frå 1.1.89 - 31.12.89. Skulesjef Svein Veia har fått stilling som rektor ved Ferkingsstad skule frå 1.1.89. Rådmannen gjekk i si innstilling inn for å gi permisjon. Saka skal vidare til formannskap og kommunestyre.

## HEI ALLE BOKNERAR!

Nå er helse- og hudterapeuten ferdig med første skolegang, trenger nå HJELP til å finne navn på min (salong) geskjeft. Alle forslag og ideer mottas med takk. Belønning gis til den som kommer med navnet som blir tatt i bruk.



**Ansiktsbehandling**  
**Kroppsmassasje**  
**Avstressende massasje**  
**Lymfedrenasje**  
**Manikyre**  
**Pedikyre**  
**Fargeanalyse**  
**Solarium**

## HELSE OG HUDTERAPEUT PÅ BOKN

RING TLF. 74 83 24

**MAY ELISABETH ALVESTAD**  
4290 Føresvik - tlf. 74 83 24

Ellers kan eg tilby:

Farge vipper/bryn  
Hårfjerning  
Negleforlenging  
Make-up

Selger også kremer og make-up

## GRENDAHUS

Torsdag den 29.september skal arbeidsutvalet, som skal vurdere grunnlaget for oppføring av grendahus i Bokn, ha eit møte der lag og organisasjonar er inviterte til eit møte på Bokn skule. Ein frå styret i kvar organisasjon er invitert.

Ein vil her prøva å få fram synspunkt, ynskjer om lokale, og litt om korleis lag og organisasjonar eventuelt kan bidra finansieringsmessig. Det vil også bli vist film om grendahus i ulike deler av landet.

# BARNEHAGEN MED NORDISK SKULEJOGG


Bokn barnehage hadde fredag 23. september eit arrangement som er kalla Nordisk skulejogg.

24 barn og 5 vaksne tok del i løpet som gjekk rundt "Nullen".

Alle hadde på seg T-skjorter med emblem, og fekk etterpå diplom og klistremerke. Arrangør for dette nordiske samarbeidsprosjektet er Landslaget for fysisk forstring i skulen i samarbeid med Redd Barna, Foreninga Norden og Statens Ungdoms- og Idrettskontor.

Det var ei frivillig startkontingent, og pengane går til Redd Barna.

Det var tydelegvis stor stas å vera med på dette arrangementet, og ung-



## 1988

ATUARTUT  
QASUJAALLISARNERAT

SKÓLAHLAUPIÐ

SKOLEJOGGEN

SKOLJOGGEN

SKUVLAVIEHKAN

KOULUHÖLKKÄ

SKÚLARENNINGIN

SKOLERNES MOTIONSLØB

ane er opptatt av å hjelpa barn som har behov for mat, klede osv.

Elles er 6-åringane i barnehagen kvart år med på ein innsamlingsaksjon til Redd Barna i samband med Verdensbarnedagen 5. oktober.

## STYRKING AV BARNA SINE INTERESSER I PLANLEGGINGA.

I plan- og bygningslova sin § 10-4 er det nå kome inn ei ny føresegn om at kommunestyret skal peika ut ein etatsjef eller annan tenestemann til å ta del i møtene, som skal ha særleg ansvar for å ivareta barna sine interesser. Vedkommande skal ha møterett i bygningsrådet og vera talsperson med ansvar for barna sine interesser. Departementet

grunngir føresegna med at bygningsrådet har eit særleg ansvar for utforminga av barn sine oppvekstvilkår.

Bokn bygningsråd hadde ovannemnde sak oppe til behandling i møte den 22. september, og gjorde vedtak om at skulesjefen skulle ha møterett i bygningsrådet og vera talsmann for barna sine interesser.

## FRAM FRA GLEMSELEN

Vil dere være med å gjøre kjent flere sider av Bokn sin historie? Sjansen er her nå.

I samarbeid med Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA) har kommunen fått ordnet og registrert materiale like fra midten av forrige århundre. Dette oppbevares i kommunens arkiv i det nye Kombibygget. Gamle dokument, møtebøker og kassabøker fra ulike styrever og utvalg er gravd fram fra kommunens innerste kroker.

Men fremdeles mangler mye materiale.

De tidligere formennene oppbevarte gjerne sine protokoller og papirer hjemme hos seg sjøl. Og beholdt dem etter at de hadde sluttet i sine verv. Etterhvert ble de glemt. Nå ønsker vi dem fram fra glemselen - og gjemselen. Kanskje dere har en gammel pakke med papirer oppe på loftet? Eller en kasse i et hjørne av hønsehuset som dere ikke har undersøkt hva inneholder?

Se etter, kanskje dere finner noe som kan være med på å belyse kommunens historie. Det kan f.eks. være møteprotokoller fra formannskapet eller andre nemnder, lister fra valgstyret,


dagbøker fra overformynderiet eller fattigstyret. Kort sagt, har dere gamle dokument som viser kommunens drift, vil kommuneadministrasjonen gjerne få hånd om dem.

Alle dokumentene vil bli ordnet og registrert av Interkommunalt Arkiv i Rogaland (IKA), og oppbevart i kommunens arkiv. Der vil de - etter bestemte regler - være tilgjengelige for dem som måtte ha behov for eller interesse av informasjonen i disse sakene.

Og skulle det dukke opp dokument som ikke direkte er knyttet til administrasjonen av kommunen, men kanskje har med bygdas bedrifter, foreningsliv eller andre aktiviteter å gjøre, ja, så er det også av interesse. Alt som kan fortelle om livet på Bokn, vil vi ta vare på. Slike arkiv kan også få en plass i kommunearkivet, eller eierne kan inngå egne avtaler med kommunen om deponering og ordning.

Så har dere funnet gamle papirer på låven, på loftet eller i hønsehuset, kan dere ta kontakt med kommuneadministrasjonen.

HUGS SKULEKORPSET  
SIN AUKSJON  
29. OKTOBER!



## SLAMTØMMING

Bokn kommune vil førebels ikkje krevja inn slamavgift, og undersøker i andre kommunar korleis dette kan gjennomførast.

Det var Stavanger Aftenblad som nyleg slo dette med slamavgift opp i avisa, då dei hevda at Bokn var den einaste kommunen i Rogaland som hadde innført slik avgift.

Sikkert er det i alle fall at septiktankar må tømast, men spørsmålet er om arbeidet skal utførast i kommunal regi mot avgift, eller om husstandane sjøl skal ha ansvar for tøming, og betala direkte.

Problemet er vel at kontrollen ikke er god nok, og at einskilde dermed kan unngå å tømme tanken.

Bokn bygningsråd hadde i møte den 22. september oppe spørsmålet om vilkår for unntak frå forskriftene om slamtøming 2. kvart år. Her meiner bygningsrådet m.a. at på ein eigedom der det bur fast 1 person, kan tøming skje kvart 4. år dersom slamavskillaren er 4 m<sup>3</sup>, og dersom det er utslepp til åpen/

god sjøresipient eller tilkopling til kommunal avløpsledning.

Bygningsrådet foreslår også at grunneigarar, som har eige utstyr for slamsuging og transport av slam til slamlagune, kan fritas for ordninga.

Vidare kan dei eigedomane som ikkje har tilgjenge til slamavskillar for slamsugebil eller traktor fritas, men då må tanken tømast og slammet deponerast på annan akseptabel måte som er godkjend av helsestyremaktene.

Fritak kan også akseptierast dersom ein spreiar/grev ned slam på dyrka mark når dette vert godkjend av helsestyremaktene.

Rådmann Jan Erik Nygaard opplyser til Bokn Bygdeblad at Stavanger Aftenblad sin påstand om at Bokn kommune er den einaste kommunen i Rogaland som krev slamavgift, ikkje er heilt korrekt. M.a. krev Karmøy kommune inn slik avgift i ei felles avgift som kallast kloakkavgift.



Tøming av innhaldet i private septiktankar skapar avgiftsproblem for Bokn kommune?

## IDRETTSSKULE FOR BORN I BOKN?

Interessen for song og musikk er stor i Bokn, og dette gode kulturtilbodet har allerede fått store løyvingar over kommunebudsjettet.

Men ikkje alle har like forutsetningar og interesser. Kva så med dei som ikkje er med på song og musikk.

IDRETTSSKULE kunne vore eit hjelpemiddel til å stimulera til gode fritidsaktivitetar.

Kva skulle så ein idrettsskule innehalda. Det kan nemnast mellom anna:

Idrettsskulen bør ha eit leikprega, allsidig innhald på tvers av særiddrettane. Men den skal og så gi innføring i og innleiande spesialtrening i enkeltidrettar frå 10-års-alderen.

Idrettsskulen skal gi:

- opplæring i grunnleggande motorisk dugleik
- stimulere barna si generelle utvikling
- legge grunnlag for seinare valg av idrett og utvikling som idrettsutøvar.

I mange år har me i Bokn snakka om å støtta opp om gode tiltak for barn og ungdom. Ligg det i denne tanken ein sjanse til å konkretisera dei mange fagre ord me tidligare har strødd om oss med.

Eg sender stafettpinnen vidare til Idrettslag og politikarar.

Har dokke betre forslag så må dei komma fram i lyset. Det hastar trur eg.

Hilsen

Ingolf Kro

## MUSIKKSKULEN I VINDEN

Musikkskulen i Bokn er aktiv. Nytt av året er leikarring for ungdom/vaksne.

18 jenter frå 1.-5.klasse er med på barneleikarringen - men ingen gitar, dessverre!

Betre er det blant ungdom/vaksne, for her er kjønnsfordelinga likt fordelt på dei 32 som er med.

Musikkskulen i Bokn er 10 år i år, og dette vil bli markert med ein konsert til vinteren.

Andre tilbod i musikkskulen er piano, el-orgel, tverrfløyte, pop/rock, korsang, solo-sang, gitar og korpsaspirant

Total oversikt over aktivitetar i musikkskulen:


Leikarring barn	18	elev
Leikarring vaksne	32	"
Barnekor	39	"
Blandakor	28	"
Aspirantar musikk-		
korps	15	"
Solosang	9	"
Orgel	7	"
Piano	6	"
Fløyte	5	"
Pop/rock	6	"

Dette syner at til saman 165 elev- ar går i musikkskulen.

18 barn og 32 ungdom/vaksne går på kurs i folkeviseleik og dans.



# « Biblioteket »



NYE OPNINGSTIDER  
FRÅ 1. OKTOBER:

TYS DAG: 10<sup>00</sup> - 13<sup>00</sup>

TORS DAG: 16<sup>00</sup> - 19<sup>00</sup>

TLF: 748500

## \* LESETIPS FOR OKTOBER:

- \* Wolfe, Tom:  
Forfengelighetens fyrverkeri
- \* Langfeldt, Steffen:  
Festningen
- \* Kobbe, Christian:  
Skyggen av Siri
- \* Jørgensen, Morten:  
Sennepslegionen
- \* Möller, Arvid:  
Gull i rennesteinen
- \* Henriksen, Vera:  
Under seil mot det ukjente
- \* Amado Jorge:  
Tereza Batista

**BRUK  
BIBLIOTEKET  
DITT!**

## NYE bøker for barn:

- \* Grossman, Kari:  
Gudrun Johanne og godterijakten
- \* Hellesøe, Unni:  
Lille Jazz på Knepps torg
- \* Hoel, Tore Elias:  
Verdsmeisteren
- \* Ambjørnsen, Ingvar:  
Døden på Oslo S
- \* Söhoel, Kristin:  
Hevnen
- \* Hårreisende historier







# BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

## SKULERUTE 1988/89

Oktober vil verta noko oppstykkka for elevane. Det vert haustferie onsdag 5/10, torsdag 6/10 og fredag 7/10. Vidare har lærarane to planleggingsdagar, torsdag 13/10 og fredag 14/10. Desse dagane vert fridagar for elevane. Endeleg får elevane fridag onsdag 19/10. Denne dagen er interkommunal planleggingsdag for lærarane.

ÅR	MÅNAD	FRI	DAGAR	SUM
1988	AUGUST	1. - 14., 15., 16. (PL.DAGAR)	11	11
	SEPTEMBER		22	33
	OKTOBER	5.-7., 19. (PL.DAG )	17	50
	NOVEMBER		22	72
	DESEMBER	22. - 30.	15	87
1989	JANUAR	2.	21	108
	FEBRUAR	20. - 24.	15	123
	MARS	20. - 27.	16	139
	APRIL		20	159
	MAI	1., 4., 5., 15., 17., 18.	17	176
	JUNI		12	188
TIL DISPOSISJON FOR SAMARBEIDSUTVALET: 1 FRIDAG				
"	"	FOR LÆRARRÅDET: 2 PL.DAGAR		3
SKULEDAGAR:				185
FERIE:	SISTE SKULEDAG FØR:	FYRSTE SKULEDAG ETTER:		
SOMMAR- HAUST- JUL - VINTER- PÅSKE - SOMMAR-	TYS DAG 4. OKTOBER ONSDAG 21. DESEMBER FREDAG 17. FEBRUAR FREDAG 17. MARS FREDAG 16. JUNI	ONSDAG 17. AUGUST MÅNDAG 10. OKTOBER TYS DAG 3. JANUAR MÅNDAG 27. FEBRUAR ONSDAG 29. MARS		

## PÅ FLUKT

TV-AKSJONEN 88.  
SØNDAG 16. OKTOBER

I Bokn består kommunekomiteen av:  
Liv Trosnavåg, Reidar Alvestad og  
Leif Vatnaland - med sistnevnte  
som formann.

Amnesty-medlemmer på Bokn pluss  
andre frivillige vil stå for inn-  
samlina søndag den 16. oktober.

## Nødhjelp

Hjelp til selvhjelp

Frivillig  
tilbakevending

## STØTT TV-AKSJONEN 16. OKTOBER

Det norske Flyktningeråd arbeider for flyktninger  
i Asia, Afrika, Midt-Østen og Mellom-Amerika.



## -KOM SÅ BYGGER VI-



Se vår  
huskatalog

70 SIDER MED HUS  
OG INFORMASJON!

Kontakt vårt kontor -  
kom gjerne innom -  
så får du se tegninger  
på det huset du vil ha.

HØY STANDARD • GUNSTIGE PRISER

VI HAR KONTOR PÅ BOKN (GAMLE SR-BANKS LOKALER)

FAST  
KONTORTID:

MAND. 10<sup>00</sup>-14<sup>00</sup>-17<sup>00</sup>-19<sup>00</sup>  
FRED. 10<sup>00</sup>-14<sup>00</sup>-15<sup>30</sup>-17<sup>30</sup>


KONTAKT SOLVEIG GUNDERSEN

FOR AVTALER: TLF. 748501



# UTVIK

TRELAST- OG BYGGEFORRETNING  
4262 AVALDSNES - TLF 04-843711



# BOKN KOMMUNE

4290 FØRESVIK

## BUSTØNAD FOR MINSTEPENSJONISTAR - NY UTLYSING

Bokn kommune har midlar til reduksjon av buutgifter for pensjonistar. Pengane skal fordelast etter desse vilkåra:

Søkjaren må:

- a) Vera alders- uføre- eller attlevande pensjonist.
- b) Ikkje ha andre inntekter enn summen av minstepensjonen i folketrygda + eventuelle mindre tillegg, eller anna inntekt pensjon som overstig denne summen.
- c) Ha buutgifter som overstig 15% av inntekta. Buutgifter omfattar husleige, avdrag og renter på bustadlån, kommunale avgifter, lys og brensel o.l.

Søknadsfrist er 31.oktober 1988.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.

\*\*\*\*\*

## ARRANGEMENT

I OKTOBER

- 4. okt. : Kino.
- 7. okt. : Bondelaget har årsmøte.
- 14. okt. : Bingo.Arr.:Bokn Brass.
- 15. okt. : Dans. Arr.:Idrettslaget.
- 29. okt. : Skulekorpset har auksjon.

## BEDRIFTSHELSE- KONTROLL.

P.g.a. stor pågang hos legen må bedriftskontrollane førebels utsettast.

Helse- og  
sosialleiareren

## FOTPLEIE

Det blir fotpleie mandag den 3.oktober.

Påmelding snarast til sosialkontoret, tlf. 74 85 00.

## TIL LEIGE

Lokale ledig i 3.etasje i det gamle bankbygget frå 1.okt.


Henv. SR-Bank Bokn

## TIL SALGS

Hus vurderes solgt.

Henv. Inge Alvestad

tlf. 74 85 64



HUSK Å SPØRRE  
OM "TOTAL LIV"-  
FORSIKRING\*

Nå kan du  
få ordnet  
med alle typer  
forsikringer i SR-BANK

\*SR-BANK i samarbeid med  
Svithun Assurance A/S.

SR-BANK mer enn bare bank!

